



ÅRSMELDING 2023

SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER - PÅ LAG MED DUGNADSÅNDA

Årsmelding Sparebankstiftinga Hardanger 2023

1

Dokumentet er signert digitalt av:

- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 15.03.2024
- Berge, Per (23.01.1972), 15.03.2024
- Ørjansen, Heidi Elizabeth (06.03.1975), 13.03.2024
- Riber, Vidar (27.02.1958), 14.03.2024
- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 13.03.2024
- Hauso, Margunn (05.07.1967), 13.03.2024

Forseglet av



Posten Norge

OMSLAGSBILETE

STØLSVEGEN I KVANNDAL: PROSJEKT I REGI AV VENELAGET FOR STØLSVEGEN I KVANNDAL
SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER HAR YTT 1,65 MILLIONAR KRONER TIL RESTAURERING AV
VEGEN. FOTO: SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER

INNHALD

Bakgrunn og føremål	3
Ålmennyttig verksemd	3
Nyskaparpris	5
Kulturstipend til ungdom	6
Koronafond/Straumstøttefond	6
Eigarstrategi	6
Regelverk for kapitalforvaltning	7
Resultatet av finansportefølja	8
Økonomisk resultat	10
Investeringsstiftinga Hardanger og Voss	11
Skatteforhold	12
Styrande organ	12
Administrasjon og administrative tilhøve	12
Forsknings- og utviklingsaktivitetar	12
Arbeidsmiljø	12
Likestilling	12
Framtidsutsikter	12



BAKGRUNN OG FØREMÅL

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest. Bakgrunnen for skipinga var å sikra at midlane opparbeidd gjennom nær 170 års bankverksemd i Sparebanken Hardanger var sikra lokal nytte og eigarskap.

Stiftinga er den største eigaren i Sparebanken Vest, og deler av utbytter som stiftinga mottok frå banken vert kvart år delt ut som gåver til Hardanger og Voss regionen.

STIFTINGA SINE HOVUDFØREMÅL ER:

- VIDAREFØRA SPAREBANKTRADISJONANE VED Å GJE GÅVER TIL ÅLMENNYTTIGE FØREMÅL
- VERA EIN LANGSIKTIG OG STABIL EIGAR I SPAREBANKEN VEST
- SYTA FOR EI FORSVARLEG KAPITALFORVALTNING AV DEI MIDLAR STIFTINGA RÅR OVER


Stiftinga sine styringsdokument er vedtektene, regelverk for kapitalforvaltning, gåvereglement og styreinstruks. Styret reviderar styringsdokumenta årleg og kartlegg risiko, vidareutviklar rammeverk, retningslinjer og rutiner.

ÅLMENNYTTIG VERKSEMD

Eit viktig mål for stiftinga er å vidareføra sparebanktradisjonane, mellom anna ved å dela ut gåver til ålmennyttige føremål. Dette målet er tufta på gåveverksemda til Sparebanken Hardanger som hadde tradisjon for å vera ein viktig lokal støttespelar, og stor bidragsytar til lokale lag og foreiningar. Gåveverksemda til banken har vore med å sikre aktivitet og inspirert dugnadsånda i lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig, tek stiftinga sikte på å vera ein viktig aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. STIFTINGA SIN VISJON ER Å VERA PÅ LAG MED DUGNADSÅNDA.


Sidan starten i 2011 har stiftinga delt ut over 150 millionar kroner, og i 2023 vart det tildelt 25,5 millionar kroner i gåver. Grafen under viser utviklinga av gåveverksemda i stiftinga sidan 2012.






NY PUMPTRACK BANE VED BRAKANES
SKULE ULVIK. EIT SAMARBEIDSPROSJEKT
MELLOM ULVIK IDROTTSKLAG OG ULVIK
HERAD MED ØKONOMISK STØTTE FRÅ
SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER. FOTO
ULVIK IDROTTSKLAG

Vedtektene til stiftinga seier at det fyrst og fremst skal takast omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Sparebanken Hardanger ved disponering av gåver. Den geografiske fordelinga av gåvemedlar skal derfor samvariera med Sparebanken Hardanger sine tidlegare marknadsområder. Under er oversikt over totalfordelinga av gåver, fordelt per innbyggjar jamfør kommunestruktur frå 2011 (skipingsåret til stiftinga)



Det er eit mål for stiftinga å yta bidrag til eit breitt spekter av ålmennyttige føremål, og det et innanfor idrett/fysisk aktivitet, og samfunn/utvikling storparten av gåvene vert tildelt. Det vert vist til oversikt over gåvene i **note 8 og 9** i årsrekneskapen. Grafen under viser fordelinga av gåver for 2023 per søknadskategori.



NYSKAPARPRIS

Sidan 2017 har stiftinga delt ut nyskapparpris til ei verksemd i Hardanger og Voss som har synt nyskaping og nytenking, som har potensiale for vekst, og som kan bidra med nye arbeidsplassar som kjem lokalsamfunnet tilgode. Prisen er på kr 300 000,- I 2023 gjekk prisen til Holmen Kulturpark AS, som utviklar Holmen området i Ulvik til kulturpark og gastronomisk reiselivsprodukt. Holmen Kulturpark fekk prisen for si spennande satsing med potensiale for store ringverknader for Ulvik og Hardanger.



PRISUTDELING TIL HOLMEN KULTURPARK AS VED ANDRID SOLÅS OG PÅL DRØNEN UNDER HARDANGERKONFERANSEN I ULVIK 09.11.2023. KJETIL WIDDING OG MARGUNN HAUSO REPRESENTERTE STIFTINGA VED UTDELINGA. FOTO: MONA HAUGLAND HELLESNES



KULTURSTIPEND TIL UNGDOM

Sparebankstiftinga Hardanger har òg ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kulturstipend til ungdom. I 2023 vart det delt ut 8 stipend à kr 30 000,- til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett. Utdelinga tok stad på lokale arrangement, under Hardanger Trebåttfestival i Norheimsund og Ekstremsportsveko på Voss.



KORONAFOND/STRAUMSTØTTEFOND

Det vart i 2023 løyvd kr 45 000,- frå koronafondet. Styret gjorde i 2023 framlegg om å erstatta koronafondet med eit straumstøttefond. Dette vart godkjent av generalforsamlinga som òg vedtok tilførsel av kr 4 millionar til føremålet. Fondet skal vera til hjelp for lag og organisasjonar som vert råka av ekstraordinært høge kraftprisar.

Av straumstøttefondet vart det tildelt kr 246 500,- i 2023. Styret vurderar fortløpande interessa og behovet for fondet, og vil justera initiativet deretter.

EIGARSTRATEGI

Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.

- Grunnkapitalen til stiftinga er 6 millionar eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest, kvar pålydande kr 25,-
- Stiftinga eig i tillegg 5 954 394 eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest pr 31.12.2023
- Sparebankstiftinga Hardanger har ikkje selt eller kjøpt eigenkapitalbevis i 2023.
- Totalt antall eigenkapitalbevis i stiftinga si eige er då 11 954 394, som tilsvarar 10,9% av eigenkapitalbevisa i banken.
- Sparebankstiftinga Hardanger er den klart største eigaren i Sparebanken Vest

Stiftinga har forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte. Stiftinga ynskjer å utøva styringsrett i Sparebanken Vest gjennom representasjon i styrande organ.

Sparebanken Vest leverte i 2022 eit godt økonomisk resultat. Gjeldande utbyttepolitikk i banken gjev rom for utbetaling av inntil 50% av overskotet per eigenkapitalbevis. Dette danna grunnlag for utbetaling av utbytte i mars 2023 på kr 5,50 per eigenkapitalbevis, tilsvarande 65,74 millionar kroner for stiftinga sin part. I tillegg vart det med bakgrunn i bankens høge kjernekapitaldekning gjort vedtak om ekstraordinært utbytte hausten 2023 på kr 3,- per eigenkapitalbevis, tilsvarande 35,86 millionar kroner. Totalt fekk stiftinga overført 101,61 millionar kroner i utbytte for 2023.

Marknadsverdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest var kr 1 307 810 704 (1 104 586 006) per 31.12.2023. Eigenkapitalbevisa er vist som finansielt anleggsmiddel i rekneskapen og er bokført med kostpris. Meirverdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis tilsvarar kr 929 502 118 (726 277 420). Det vert vist til **note 2** i rekneskapen.

REGELVERK FOR KAPITALFORVALTNING

Stiftinga sine midlar skal plasserast på ein føremålsteneleg og forsvarleg måte. Det er ei overordna målsetjing at stiftinga skal iverata realverdien på grunnkapitalen. Føremålet med investeringar er ellers å sikra stabil drift, dele ut gåvemidlar og kunne delta i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Vest.

Stiftinga si eige er fordelt mellom eigarskapsportefølje og finansportefølje. Eigarskapsportefølja består av eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest. Finansportefølja består av andre kapitalinstrumenter som pengemarknadsfond, obligasjonar, aksjefond og bankinnskott.

Regelverk for kapitalforvaltninga er stiftinga sitt overordna styringsdokument for forvaltning av stiftinga sine midlar. Rammeverket omfattar mellom anna strategiske mål, avkastningsmål, risiko, aktivafordeling, rapportering og oppfølging. Regelverket vart sist revidert i februar 2023.

Kapitalforvaltninga til stiftinga er definert som passiv, då styret, administrasjonen eller stiftinga sine forvaltarar ikkje driv med høgt transaksjonsvolum av kjøp og sal av verdipapir. Det vert gjort langsiktige plasseringar for å sikra føreseieleg avkastning. Stiftinga si samansetjing av aktiva vert rebalansert tilbake til utgangspunktet 2 ganger per år, for å halda på det risikonivået som er fastlagt i reglement for kapitalforvaltninga.

Samansetjinga av finansportefølja er per 31.12.2023:

AKTIVAKLASSE	ALLOKERING	MÅL	MIN	MAX
Pengemarknad/Bank	42,22 %	20%	0%	50%
Obligasjoner Norge	16,66 %	22,5%	10%	50%
Obligasjoner Utland	17,28 %	22,5%	10%	50%
Sum renteinvesteringar	76,16%	65%	55%	80%
Aksjer Norge/Norden	4,15 %	5%	3%	7%
Aksjar Utland	14,75 %	20%	17%	26%
Eigedom	4,94 %	10%	0%	15%
Sum eigenkapitalinvesteringar	23,84%	35%	20%	45%



Styret i stiftinga teikna seg i desember 2022 for ei investering i vekstfondet Sarsia Seed III på kr 10 millionar. Stiftinga har i 2023 overført kr 1 105 234,- til fondet. Verdien av fondet er bokført til kostpris og det er ikkje forventningar til avkastning eller utbytte frå fondet før slutfasen av fondsperioden som er om lag 10 år. Styret ser dermed på denne investeringa som ei langsiktig plassering som ikkje vil påverka stiftinga si avkastning på kort sikt.

RESULTATET AV FINANSPORTEFØLJA

Internasjonal uro og krig har prega norsk og internasjonal økonomi også i 2023. Det har vore svak økonomisk vekst i EU og den norske økonomiske utviklinga har samla sett vore ganske flat. Aukande renter og høg prisvekst har vore kjenneteikn på økonomisk utvikling i 2023. Samtidig har arbeidsløysa halde seg låg, og det er høge nivå på næringsinvesteringar som bidreg til å halda aktiviteten oppe.

Til tross for høg inflasjon og geopolitisk uro, var aksjemarkedet i 2023 veldig sterkt, etter eit svakt år i 2022. Den negative avkastninga frå 2022 har vorte innhenta, og avkastningsresultatet for finansportefølja er i 2023 på heile 10,4%.

Stiftinga si investering i eignedomsfond har hatt ei negativ verdiutvikling i 2023. Næringsseigedom har fått redusert lønnsemd som fylgje av aukte rentekostnader og lågare eignedomsprisar, noko som har svekka soliditeten. Marknadsverdien av stiftinga si investeringa er om lag 2,5 millionar kroner lågare enn kostpris/bokført verdi. Styret ser på denne verdinedgangen som forbigåande, og det er difor ikkje føreteke nedskriving av denne investeringa.

Samla investeringar i aksjefond, rente/obligasjonsfond, eignedomsfond og bankinnskot per 31.12.2023 var kr 449 millionar.

Resultat av desse investeringane for 2023 er:

– Realisert avkastning	kr	3 748 128,-
– Ikkje realisert avkastning	kr	23 987 040,-
– Kursgevinst aksjefond	kr	2 260 774,-
– Refusjon forvaltningshonorar	kr	36 569,-
– Rente bankinnskot	kr	5 288 268,-

Sum inntekt	kr	35 320 779,-
--------------------	-----------	---------------------

Det vert ellers vist til **note 1, 3 og 4** i årsrekneskapen





AKTIVITETSPARKEN I ØYSTESE I REGI AV LIV OG LYST PROSJEKTET TIL ØYSTESE NÆRINGSLAG FEKK GÅVEMIDLAR FRÅ BÅDE SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER OG SPAREBANKEN VEST I 2023. SAMHANDLING MELLOM BANKEN OG STIFTINGA UTLØYSER GODE KREFTER OG PROSJEKT TIL GLEDE FOR BÅDE BYGDEFOLK OG TILREISANDE
FOTO: SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGRE

Dokumentet er signert digitalt av:

- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 15.03.2024
- Berge, Per (23.01.1972), 15.03.2024
- Ørjansen, Heidi Elizabeth (06.03.1975), 13.03.2024
- Riber, Vidar (27.02.1958), 14.03.2024
- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 13.03.2024
- Hauso, Margunn (05.07.1967), 13.03.2024

Forseglet av



Posten Norge

ØKONOMISK RESULTAT

Stiftinga fekk i 2023 eit årsresultat på kr 134,16 millionar mot kr 35,13 millionar i 2022. Inntekter utanom utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Vest på kr 101,6 millionar er i hovudsak samansett av renteinntekter på kr 5,28 millionar og positiv verdiendring på finansporteføljen på kr 30 millionar (mot negativ verdiendring på kr -18,9 millionar i 2022)

Avkastning på totalkapital til stiftinga er om lag 18,3%


Driftskostnader for stiftinga utgjorde kr 2 775 225,- i 2023 som er ein auke på kr 437 684,- frå 2022.

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på kr 134,16 millionar vert disponert slik:

- | | |
|---|------------------------|
| • Avsett til gåvefond | 17 millionar kroner |
| • Avsett til gåvefond øyremerkt ny investeringsstifting | 50 millionar kroner |
| • Avsett til anna eigenkapital | 67,16 millionar kroner |

Avsetjing til gåvefondet og investeringsstiftinga tilsvarar i underkant 50% av årsresultatet. Gåvefondet vil i så fall ha ein verdi på kr 109,5 millionar der kr 50 millionar av desse er øyremerkt skiping av ny investeringsstifting for Hardanger og Voss. Det er generalforsamlinga som vedtek disponering av årsresultatet, og som på generalforsamlingsmøte 24.04.24 skal ta stilling til framlegg om disponering av årsresultater irekna avsetjing på kr 50 millionar til ny investeringsstifting for Hardanger og Voss.

Grafen under visar utvikling av eigenkapitalen til stiftinga frå skipinga i 2011 til 2023. Sum eigenkapital per 31.12.2023 er kr 827,6 millionar.



INVESTERINGSSTIFTINGA HARDANGER OG VOSS

Sparebankstiftinga Hardanger har bygd seg opp kapital som gjev grunnlag for utvida satsing. Stiftinga er i ein god økonomisk situasjon, med godt grunnlag for drift, eit fond som sikrar framtidig gåveverksemd, samt beredskapskapital til å vera med på ei mogeleg kapitalutviding i Sparebanken Vest. Stiftinga er difor i ein posisjon der ein aktivt, og på eige initiativ kan satsa på prosjekt og tiltak som kan vera med å løysa utfordringar regionen står i. Det har vore uttrykt at næringsutvikling er eit område der stiftinga kan ta meir ansvar.

Det er peikt på fylgjande utfordringar for næringslivet i Hardanger og Voss:

- Trong for nye arbeidsplassar, nyskaping og utvikling av nye næringar
- Lite tilgang på risikokapital/tidlegfasekapital
- Få innovative verksemdar
- Lite mangfald i næringslivet
- Trong for grøn omstilling

Styret har i 2022 og 2023 greidd ut tilhøva for oppretting av ei investeringsstifting og eit såkornfond som kan vera med å leggja til rette for vekst og utvikling i regionen, og som kan svara på dei områda innan næringssatsing som stiftinga har definert som ålmennyttige. Det vart fylgjeleg oppretta ei eigen arbeidsgruppe med innleigd nærings og utviklingskompetanse som har assistert styret med dette arbeidet.

Vinteren 2024 fatta styret i stiftinga vedtak om gåvetildeling på kr 50 000 000,- til Investeringsstiftinga Hardanger og Voss (under skiping). Tildelinga vart forankra i § 6 i stiftinga sitt gåvereglement, og vil verta trekt av stiftinga sitt gåvefond. Tildelinga er på vilkår av at generalforsamlinga i stiftinga gjer vedtak om særskild avsetjing på kr 50 000 000,- til gåvefondet ved disponering av årsresultatet for 2023.

Det vert derfor lagt opp til endeleg avgjerd om denne gåvetildelinga på kr 50 000 000,- i generalforsamlinga til stiftinga den 24.04.2024.



SKATTEFORHOLD

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefri etter reglane i skattelova § 2-32, 1 ledd.

STYRANDE ORGAN

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 13 innskytarvalde medlemer og 8 varamedlemer. Dei innskytarvalde medlemene vert valde av og blant kundane i Sparebanken Vest, busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Voss, Ullensvang, Kvam og Ulvik.

Generalforsamlinga består i dag av 7 kvinner og 6 menn. Leiar for generalforsamlinga er Per Røberg, med Kjellaug Hoås Samland som nestleiar.

Styret består av 2 kvinner og 3 menn med Per Berge som styreleiar. Nestleiar er Vidar Riber og styremedlemer er Margunn Hauso, Heidi Ørjansen og Håkon David Sandven. Styret hadde 7 møte i 2023.

Sparebankstiftinga Hardanger har ikkje teikna ansvarsforsikring for styret eller dagleg leiar.

ADMINISTRASJON OG ADMINISTRATIVE TILHØVE

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.

Administrasjonen består av dagleg leiar Kjetil Widding.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

ARBEIDSMILJØ

Stiftinga har ingen tilsette utanom dagleg leiar.

Arbeidsmiljøet er tilfredstillande.

Det har ikkje vore skadetilfelle i 2023. Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureinar det ytre miljøet.

LIKESTILLING

Styret praktiserar likestilling i samsvar med lover og reglar.

FRAMTIDSUTSIKTER

Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter, hovudsakleg knytt til utbytte frå eigarskapen i Sparebanken Vest, samt avkastninga på dei finansielle investeringane. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine framtidige inntekter.

Sparebanken Vest er solid, har god resultatutvikling og gjev stabile utbytteutbetalingar. Stiftinga forventar gode og stabile utbytter også i framtida. Styret i Sparebanken Vest har gjort framlegg om utbytte for rekneskapsåret 2023 på kr 7,5 per eigenkapitalbevis. Dersom banken si generalforsamling vedtek dette framlegget vil Sparebankstiftinga Hardanger få tilført utbytte på nær 90 millionar kroner i 2024.



Etter fleire år med finansiell uro er styret si forventning til avkastning på finansportefølja i 2024 moderat. Det er forventningar om at prisveksten avtek og at det vert ein mjuk landing i norsk økonomi. Rentenivået har truleg nådd ein topp og vil halda nivået i ei god stund framover. Samtidig er det framleis press på kostnader og forventningar om høg lønsvekst som saman med svak krone kan halda inflasjonen oppe.

Stiftinga har opparbeidd seg eit gåvefond på om lag 109,5 millionar kroner per 31.12.2023, som vil fungera som ein buffer for å sikra framtidig gåveverksemd, også i år med moderate finansielle inntekter.

Samla sett tilseier dette at stiftinga kan vidareføra ordinær aktivitet innanfor sine føremål.

Føresetnaden for framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisane bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Kinsarvik, 12.03.2024

STYRET I SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER

Per Berge
Styreleiar

Vidar Riber
Nestleiar

Heidi Ørjansen
Styremedlem

Margunn Hauso
Styremedlem

Håkon David Sandven
Styremedlem

Kjetil Widding

Dagleg leiar

